

Målblomen til Felleskjøpet i Kvinnherad

31.01.2011



Butikksjef Stein Olav Ølvestveit har motteke Målblomen av leiar av mållaget Kristian Bringedal

**Sidan 1999 har Kvinnherad Mållag årleg delt ut Målblomen til verksemder i kommunen som over tid har synt at dei brukar nynorsk.
I går kveld var turen komen til Felleskjøpet (FK Butikken) som fekk Målblomen for 2011 av mållagsleiar Kristian Bringedal på Dalheim i Omvikdalen.**



Maria Malmsten og Johanne Øvstebø Tvedten takkar for velfortent applaus.

I grunngjevinga opplyses det at Felleskjøpet i Kvinnherad nyttar nynorsk i alt skriftlig tilfang og at ein særleg har merka seg bruken i høve til lysingar, profilering/markedsføring og skilting. FK Butikken legg for dagen eit språklig medvit som fortener heider og ros, dette i ein bransje som på landsbasis ofte brukar bokmål.

Lokalt har FK Butikken synt positiv vilje til å nytta den målforma som ligg nær talemålet og kulturarven i Kvinnherad. Men verksemda er ein del av Felleskjøpet Rogaland Agder og butiksjef Stein Olav Ølvestveit kan ikkje gå god for målbruken til kjeda. Han fortel uskedalen.no at han har teke initiativ for å få leiinga i Stavanger til å akseptera nynorskbruk til dømes i samband med slagord - som "Mer enn du tror" men fått negativ reaksjon.

Dette var reaksjonen hans på blometildelinga:

- Eg har høyrt om denne blomen, men eg har ikkje tenkt tanken på å få han og tildelinga var overraskande. Men det var kjekt å få han og nå vert eg enda meir bevisst enn før på nynorskbruka. Det gjeld nok alle 6 som er ansatt hos oss. Alle kjem frå distriktet her og nyttar konsekvent berre nynorsk. Sjølv kjem eg frå Åkra og har aldri nyitta nokon annan målform.

Tildelinga skjedde i samband med årsmøtet, der eit anna høgdepunkt var framsyninga til Maria Malmsten og Johanne Øvstebø Tvedten. Maria varma opp med songar og stev om kjærleiken og så framførte dei for tolvte gong på 2 år Madi under apalen av Jens Tvedt. Den er bygt på romanene som han skreiv i 1898 og 1906 og er ein gripande presentasjon av ei husmannskone og hennar liv. For kvar framsyning blir Maria og Johanne dyktigare og i dag legg dei turne-ruta si om Husnes.

Kristian Bringedal held fram som leiar av mållaget og med seg i styret har han Arne Sunde (nestleiar), Anna Ingeborg Bjørnebøle (kassastyrar), Jorunn Toskedal (skrivars), Lars Børge Seberg (styrelem,ny) og Morten Nygård (vararepresentant).

Det er 29 medlemer i laget, ein liten nedgang sidan i fjor. Likevel er styret godt nøgd med talet, særleg atdet er medlemer frå heile kommunen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen